Viser til mottatt nabovarsel datert/ mottatt 02.12/ 16.12. (Fra Andreas Hundvin)
Sender med dette inn kommentarer til omsøkt veg.

Det er vist ein ny avkøyringsveg til gnr/bnr 56/9 via den Trondhjemske Postvei, gnr/bnr 56/12 og 56/17. Det påpeikast at den Trondhjemske Postvei (postvegen) opphavleg er 1,7 meter brei og ikkje opparbeida som ein kjøreveg (delar av vegen er opparbeida som ein gardsveg). Dersom denne vegen skal nyttast som ny avkøyringsveg antar eg at den vil bli opparbeida i samsvar med dagens krav og at ein sikrar avrenning.




Figur 1: Bildet syner avstand frå omsøkt eigedom og hovudveg.

For utanom omsøkt bustad er to bnr., der vegforholda ikkje er avklart, sjå figur 2. Den eine vert nytta som fritidsbustad, medan den andre nyleg er teken i bruk som fast bustad. Eigar av den sist nemnde nyttar som oftast postvegen/ vegen som går forbi gnr/ bnr 56/12. Som følgje av dette er postvegen blitt utvida og eksisterande grøfter er blitt øydelagt.

<u>På bakgrunn av tilhøva ovanfor vert følgjande foreslått:</u>
Eksisterande avkjøringsveg i aust, sjå figur 2, vert opparbeida som ny tilkomst for 56/9 og dei to andre bustadane. Dette vil medføra at ein tek i bruk ein mindre del av postvegen (vist med svart strek), noko som truleg vil føra til lågare kostnadar ved opparbeiding av veg. Det er også den mest naturlege traseen med tanke på avstand til hovudvegen.



Figur 2: Gul sirkel syner eksisterande bustader vegforholda ikkje er avklart.

29. 12. 2015
15/2410

Avsendar: Tor Nesse. Eigar av gnr/bnr 56/12. Hundvin 22.12.15.

Tor Nesse